



Formann i Uskedalen Utvikling Jeanette Guddal saman med fungerande leiar i Skårhaug Vel Knut Sjøwall (til venstre) og leiar i Halsabrotet Vel Kjetil Hauge under høgspenlinja gjennom Halsabrotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No må Kvinnherad Energi innfri det gamle løftet sitt om å fjerna høgspenlinja gjennom Uskedalen og få straumen over i den jordkabelen som har vore på plass lenge. Dette er eit felles krav frå Uskedalen Utvikling, Halsabrotet Vel og Skårhaug Vel.

I ei brev dei tre denne veka har sendt til Kvinnherad Energi blir det hevda at selskapet stadig finn på nye moglegheiter for å sleppa å fullføra prosjektet, som vart starta for mange år sidan.

Høgspenlinja, som vart lagt om og bygt ny på slutten av syttitalet, går frå Korsnes, gjennom Halsabrotet, over Skårhaug og fram til brua. Halsabrotet Velforening tok i august opp att saka og minna Kvinnherad Energi om den fleire år gamle lovnaden om at linja skal over i jord.

Då gang- og sykkelvegen gjennom Uskedalen vart planlagt og bygt for få år sidan la Kvinnherad Energi høgspenkabel i den. Planen gjekk ut på at kabelen skulle leggjast frå Korsnes og fram til brua, der den skulle koblast inn på eksisterande luftlinje. slik at linja frå Korsnes og fram til brua kunne fjernast. I eit svar til Halsabrotet Vel no i august skreiv KE at "ei fjerning av luftlinja var då tenkt av reint estetiske grunnar, då levetida på luftlinja fortsatt er om lag 20 år".

No er det lagt kabel frå kiosken ved Korsnes i gang- og sykkelvegen fram til den nye kiosken ved den gamle betongkiosken i Halsabrotet, vidare til kiosken ved tidlegare Uskedalen Hagesenter og vidare fram til brua. Men Kvinnherad Energi opplyste i august-brevet til Halsabrotet Vel at det ikkje har lukkast å få til ei grunneigar-avtale om tilkoplinga.

"Som eit alternativ må kabelen førast over brua og langs vegen fram til uskedalen Trafostasjon og dette har vi kostnadsrekna til 656.500 kroner." skriv Kvinnherad Energi til velforeninga og minner om at det ikkje er avsett pengar til dette.

Uskedalen Utvikling og velforeningane har nyleg hatt eit oppklaringsmøte med deltaking av grunneigarar og skriv i eit brev til KE at saka no er sett i eit anna ljøs og at brevet frå selskapet ikkje er rett.

- Vi forlanger no at dykk tar saka til etterretning og får fortgang i denne prosessen, heiter det i brevet. Der blir det minna om eit brev som Halsabrotet Vel skreiv til KE hausten 2005 med oppmoding om å få prosjektet inn på budsjettet. Då kom det muntleg tilbakemelding om at det var sett av midlar i 2006.

- Det blir no oppfatta som om Kvinnherad Energi stadig finn på nye mogelegheiter for å sleppa å fullføra arbeid som er starta for manga år sidan, skriv dei tre.
Dei kan heller ikkje sjå at den prisen selskapet kalkulerer med no er reell og ber om å få se eit kostnadsoverslag.

UU og velforeiningane ber om snarleg svar då saka vil bli teke opp under det opne møtet med dei nyvalde politikarane tirsdag til veka.

Ellers viser uformelle målingar at det er høgare stråling enn anbefalt på husa nærast høgspenlinja både i Halsabrotet og Skårhaug.

Nettansvarleg i Kvinnherad Energi Gerhard Myklebust opplyser at saka vil bli lagt fram for styret og at UU og dei to velforeiningane vil bli invitert til eit møte om saka i slutten av oktober.

- I gjennomføringa av den første planen med å leggja kabelen i jorda kom vi berre til brua i Uskedalen, så støtte vi på problem, seier Myklebust til innsida.no

Av Ola Matti Mathisen



Høgspenlinja går gjennom både Halsabrotet og Skårhaug. Dette bildet er fra Halsabrotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)